



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Per Steinar Nedkvitne /
90882572

Vår referanse:
15/236613-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.11.2015

Nedklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet og nedlegging av gamal fv. 53 gjennom Baroniet i Rosendal – Kvinnherad kommune

I samband med at det skulle opparbeidast ny parkeringsplass til Baroniet i Rosendal, skulle fylkesveg 53 gjennom Baroniet mot Hatteberg leggjast om. Det vart utarbeidd reguleringsplan for omlegging av fylkesvegen og parkeringsplass (vedteken i 2008).




Gjeldande reguleringsplan for omlegging av fv. 53 og parkeringsplass

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø




Viser fv.53 gjennom Baroniet som skal nedleggjast (Hp 50)

Fysisk stengd idag

Parkeringsplassen er opparbeidd, men ikkje den omlagte fylkesvegen ved parkeringsplassen. Dette p.g.a manglande finansiering. Arm av Fv. 53 (alléen) gjennom Baroniet er fysisk stengd og trafikken til Hatteberg går nå på omlagt veg i samsvar med reguleringsplanen.




Eksisterande fv. 53 og ny parkeringsplass



Arm av Fv. 53 (alléen) som skal nedklassifiserast til privat veg

Vi finn det naturleg at vegen gjennom Baroniet vert nedlagt som offentlig veg og overført til privat veg vederlagsfritt med Den Weis-Rosenkronske Stiftelse som eigar. Statens vegvesen driftar heller ikkje denne vegen nå.

Elles bør den vegen som ligg i reguleringsplanen frå fv. 53 hp 1 km 0,440 som går til kommunal veg (KV98047) ved Hatteberg verta kommunal veg. I dag er det fylkeskommunen som eig og driftar denne armen.



I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fattar endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg.

Kvinnherad kommune, der fylkesvegen ligg, har gjeve uttale i saka. Representantar frå Kvinnherad kommune og Statens vegvesen var på synfaring 14.08.2015.

Det føreligg notat frå synfaringa.

Tilråding med framlegg til vedtak:

- Fylkesveg 53 Hp 50 vert nedlagt som offentlig veg mellom km 0 – 0,630 og overført til grunneigarane som privat veg vederlagsfritt.
- Omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv. 53 hp 1 km 0,440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Kvinnherad kommune skal den omlagte fylkesvegen setjast i stand i samsvar med notat frå synfaring datert 14.08.2015.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.

